

Referat frå foreldremøte for 6.klasse

10.september 2014

Føresette frå 10 heimar møtte til foreldremøte.

1. Velkommen og kort presentasjon av meg som kontaktlærar for klassen.
2. Kort orientering om Stian. Etter avtale med hans foreldre fortalte eg litt rundt hans gjentekne «besvimingar» denne hausten. Klassen har håndtert desse episodane på ein flott måte.
3. Personale: Eg har klassen i norsk, matematikk, samfunnsfag, rle, kunst og handverk og gym. Marit har dei i naturfag og mat og helse om tysdagane, då eg har fri. Vidare har Lisbet klassen i engelsk og Johannes i musikk.
4. «**For å læra noko, må du ha det godt**». Dette er mitt utgangspunkt for å læra elevane kunnskap. Då er eit trygt skule- og klassemiljø ein føresetnad. Elevane skal oppleva tydelege og omsorgsfulle vaksne. Samstundes er det viktig at me lærar dei å takle konfliktar og utfordringar sjølv. Dei må øva seg på «å takla ein støyt», men ingen skal verta plaga eller ha det vondt på skulen. Det er viktig at heimen tar kontakt viss dei oppdagar at noko plagar barnet sitt.
5. Sosiale tiltak på skulen:
 - Felles Zero-samling i gymsalen for heile skulen den fyrste måndagen i kvar månad. Då presenterer me eit motto som alle klassane skal jobba med den månaden. I august er det: **Eg fortel sanninga!** Neste månad er det 6.klasse som har ansvar for innhaldet i Zero-samlinga.
 - Klassemøte annankvar måndag. Då tek elevane opp saker som dei ønskjer. Mobbing og Zero-målet er alltid tema på klassemøte.
 - I friminutta har me aktivitetsleiare. Dette har ikkje kome i gong denne hausten, men Elevrådet jobbar med det.
 - «**Det er mitt val**»: Det er eit opplæringsprogram i klassen om skolemiljø og sosial kompetanse.
 - Det er tøft å vera god😊 Det er skulen sitt slagord. Eg fokuserer mykje på at det er lov og tøft å vera god. Mellom anna presenterer eg mykje godt elevarbeid. Og alle er god i noko😊

- Eg gjer ulike ting for å få elevane ut av komfortsona si: til dømes arbeid med måleriet «Skriket». Det er viktig at elevane vågar å visa seg fram og er trygge på kvarandre. Då vert det mellom anna lettare å ha presentasjonar i klassen.
6. Elevmedverknad: Sist skuleår viste elevundersøkinga vår at mange elevar opplevde lite elevmedverknad på skulen. Dette er noko eg tek på alvor og vil gjera noko med i den daglege skulekvardagen. Her er nokre døme på korleis eg vil la elevane få vera med «å styra dagen»: val av læringsstrategi, val av oppgåver, dei har laga eigne klasseregler og to og to har ansvaret i ein gymtime. Det er viktig at dei har ei kjensle av å bli høyrt. Likevel skal eg vera ein tydeleg leiar, men ingen diktator😊
7. Klassereglane som elevane har laga for 6.klasse:
- *Me skal vera snille med kvarandre.*
 - *Me skal ha arbeidsro i timane.*
 - *Me skal gjera leksene til rett tid.*
 - *Me skal ta opp handa når me vil seia noko.*
 - *Me skal visa respekt for kvarandre.*
8. „Å BLI EIN MEIR EFFEKTIV ELEV“ er eit hovudmål denne hausten. Alle i klassen kan jobba meir effektivt med skulearbeid. No bruker fleire elevar lang tid på lite arbeid og litt uviktige ting, t.d å fargeleggja ein figur. Fleire bør utnytta tida si betre på skulen. Tiltaket mitt er at eg belønner dei som yter godt på skulen. Dei får lite lekser. NB! Engelsk leselekse må lesast heime!!!
- Moment som er viktig for å bli ein meir effektiv elev:
- val av og kunnskap om læringsstrategiar.
 - gjera leksene grundig for å si eiga skuld.
 - heimen må stilla krav til kvaliteten på skulearbeidet, men dei må vera realistiske.
 - planleggja vekene betre i høve til fritidsaktivitetar.
9. Forventningar til heimen:
- Still krav til skulearbeid.
 - Les vekeplanen mandag. Fokus på læringsmåla.
 - Planlegg veka.
 - Vis interesse for leksene.
 - Omtal skulen på ein positiv måte.
 - Ta kontakt direkte med meg, viss det er noko😊

Eg kjem til å senda vekeplanar og anna info på e-post til heimane kvar veke. Der får du ein kort oppsummering om korleis veka har vore. Fint viss de følgjer det opp heime med ein liten prat.

10. Rask gjennomgang av timeplanen og vekeplanen. Nye forskriftar seier at elevane skal vera kjende med kva dei må oppnå innanfor dei ulike vurderingskriteriane. Kvar fredag får elevane målprøve og eigenvurdering, der dei viser kva dei meistrar utifrå vekas læringsmål.

11. Ekskursjonar i 6.klasse: Lyngheisenteret, Vil-vite senteret, Rosenkrantzårnet og Bryggen i Bergen.

12. Diverse:

- Det vart spørsmål om elevane kan få vekeplanen om fredagen. Fleirtalet i klassen ønskjer ikkje det, men eg kan senda vekeplanen på e-post til heimen ved særskilde høve. Ta eventuell kontakt med meg, viss det treng det.
- Sosiale tiltak i klassen i regi av foreldra. Eg tar saka opp i klasseråd. Etterpå vidaresendar eg forslag til klassekontaktane.

13. Val av klassekontaktar:

Mette Marøy (1 år) - FAU

Vivian V. Nesbø (2 år)

Kjersti Helland (vara)

Hordabø skule, 12.09.14

Kristin Helland (referent)

